

# Strategiplan for Høgskulen i Volda

---

Vedteken av høgskulestyret 29.10.2014.

## VISJON

Kompetanse for framtida.

## IDENTITET OG VERDIAR

Høgskulen i Volda (HVO) er tufta på ein lang folkeopplysningstradisjon frå 1700-talet – med lærarutdanning frå 1860-åra og distriktshøgskule frå 1970. Vi vil halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit, demokrati og ærleg framferd. HVO skal vere inkluderande, relevant og uavhengig.

## PROFIL

HVO er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal, og dei nasjonale satsingsområda våre er:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod

## UTDANNING OG STUDIEMILJØ

- HVO skal vere tufta på profesjonsretta grunnutdanningar av høg kvalitet
- HVO skal vidareutvikle fleksible og distanseovergripande studietilbod av høg kvalitet
- Utdanningane ved HVO skal utviklast i samspel mellom regionalt arbeidsliv, nasjonale krav og internasjonale impulsar
- HVO skal ha eit levande, attraktivt og godt studiemiljø med tett kontakt mellom lærar og student og mellom ulike studentgrupper
- Utdanningane ved HVO skal utvikle kunnskap, kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn
- HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane
- HVO skal satse vidare på kunstnarlege kvalitetstilbod for born og unge
- HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning og arbeidsliv, forskning og utviklingsarbeid
- HVO skal styrkje kvaliteten i og auke omfanget av internasjonale tilbod

## **FORSKING OG UTVIKLINGSARBEID**

- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet
- HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å involvere dei i aktuelle prosjekt
- HVO skal organisere forskingsgrupper som støtte for forskarane

## **SAMFUNNSOPPDRAG OG KUNNSKAPSDELING**

- HVO skal vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv regionalt og nasjonalt
- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd
- HVO skal fremje nynorsk språk og kultur – i samverke med mellom andre Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- HVO skal samarbeide med leiande fagmiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt for å fremje kvalitet i undervisning, forskning og utviklingsarbeid
- HVO skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og auka kvalitet for å tryggje studiestaden Volda og regionen sitt framtidige kompetansebehov

## **ORGANISERING, PERSONALPOLITIKK OG ADMINISTRASJON**

- HVO skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø prega av inkludering, mangfald og likestilling
- HVO skal satse sterkt på aktiv rekruttering, lønspolitikk og kompetanseheving av medarbeidarane
- HVO skal til ei kvar tid ha ein oppdatert og godt fungerande infrastruktur
- HVO skal ha organisering og system for å styrke både kvalitet og effektivitet i bruken av ressursane

## **TILTAK I PERIODEN 2015 TIL 2018:**

- Fullføre campusutviklingsprosjektet og planlegge eit nytt bygg for moderne formidling
- Utvikle ny femårig lærarutdanning med høg kvalitet
- Vidareutvikle Forskingssenter for skriftkultur som ein integrert del av Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur
- Etablere ny yrkesfaglærarutdanning på Nord-Vestlandet
- Utvikle mastertilbod på fleire fagområde og samordne dei eksisterande
- Starte opp PhD i helse- og sosialfag saman med Høgskolen i Molde
- Vidareutvikle Seanse – senter for kunstproduksjon
- Styrkje teknisk infrastruktur og heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod
- Auke talet på digitale eksamensavviklingar
- Betre tilhøva for samlingsbaserte studiar både fysisk og organisatorisk
- Utarbeide og implementere ein rekrutterings- og kompetansehevingsplan

- Auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet
- Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større prosjekt med nasjonale og internasjonale nettverk
- Styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalde program/emne
- Vidareutvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet mellom utdannings- og forskingsmiljøa i Møre og Romsdal og resten av Vestlandet